

Oppheim og Vinje kyrkjelydar *inviterer*

KONF
IRM
AN
✦





Kvifor konfirmant?

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye vener! Tema vi skal utforske saman, er: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg bety noko for andre? Kven er Jesus?

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

Det vert informasjonmøte
i kyrkjestova på Oppheim
onsdag 10. juni kl. 18-19

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmannt. Det krevst ingen vedkjenning frå konfirmannten.

Det viktigaste med konfirmanntida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

Konfirmasjonsdato

Vinje kyrkje, laurdag 29. mai 2027 kl.11:00





For å bli konfirmert i Den norske kyrkja skal ein vera med på 60 timar undervising i løpet av ca. 8 månader. Konfirmantane vel eit opplegg dei følgjer dette året. Undervisinga vil føregå i Vinje kyrkje rett etter skuletid. Kor ofte det vert er avhengig av kva opplegg konfirmanten vel.

Noko undervising er felles for alle konfirmantane:

- Gudstenster: presentasjon, LysMesse, Ung messe m.fl.
- Temasamlingar og Fasteaksjon
- Konfirmantleir på Hermon

Er du ikkje døypt?

For å verte konfirmert må ein vera døypt. Ungdomar som ikkje er døypt er velkomne til å vera med i konfirmantundervisinga og ta eit val ut frå det som skjer der. Dåp skjer etter avtale med dei det gjeld.

Dette får du vere med på gjennom konfirmantåret

ARBEIDSFORM	ANTAL
Gudstenester <ul style="list-style-type: none">• Presentasjonsgudsteneste• Ung Messe• Lysmesse i Oppheim eller Vinje kyrkje, i desember• Ein gudsteneste der konfirmanten er medhjelpar• Andre gudstenester - konfirmanten vel sjølv tid og stad	1 1 1 1 3
Konfirmantweekend - Hermon	1
Fasteaksjon - Tysdag 16. mars kl. 17:00 - 20:00	1
Undervisning i Kyrkjestova på Oppheim etter skuletid (dag vert avtala til hausten)	

Me ynskjer at konfirmasjonstida skal vera for alle. Difor treng me veta om nokre av konfirmantane har behov for tilrettelegging på eit eller anna vis. Me har ikkje ressursane og tilgang til informasjonen skulen har.

Bruk feltet på innskrivingskjemaet de finn på www.voss.kyrkja.no til å fortelje oss om ting de trur me treng veta.

Matallergiar er det òg viktig at me får veta om.

Sjølvsgagt er all slik informasjon omfatta av teieplikta til oss som er tilsett i kyrkja.

I konfirmentarbeidet er me HØFLEGE og RAUSE med kvarandre og me møter kvarandre med RESPEKT.

Saman vil vi alle gjera vårt for å få ei flott konfirmenttid. Det krev din tid og heilhjarta innsats. Me har med oss fleire frivillige som brukar av fritida si for å gje deg eit godt tilbod. Det er viktig å møte dei og alle med respekt og følgje godt opp alle beskjedar og avtaler.

Konfirmenten sitt ansvar er:

Å delta aktiv og ta omsyn til dei andre

Å møte opp på samlingane og vera presis

Å vera oppmerksam og tilstade i undervisningstida.

Føresette har ansvar for å støtte og leggja til rette for at konfirmenten kan gjennomføre konfirmenttida.

Ved påmelding til konfirmasjon stadfestar både konfirment og føresette at dei har lese, forstått og samtykkjer til dette.



Påmelding

www.voss.kyrkja.no

Påmeldinga til konfirmantåret skjer via internett.

Gå til **voss.kyrkja.no**. Finn linken «konfirmantpåmelding, Oppheim/Vinje». Fyll inn all informasjon vi ber om og klikk på «send» for å verte påmeld. Hugs å lagre påmeldinga før du sender, du får ei stadfesting om at påmelding er motteke, på e-post.

Hovudperiode for påmelding: **Før sommarferien**

UTAN INTERNETT? Ring oss på kyrkjekontoret: 56523880

INFORMASJON TIL PÅMELDINGA

I tillegg til fullt namn og adresse/postadresse må du ha klart e-post til konfirmant og foreldre, mobilnummer til konfirmant og foreldre, personnummer til konfirmanten og dåpsdato og dåpskyrkje. Om konfirmanten ikkje er døypt skriv ein ikkje noko i desse felta.



Har du spørsmål?

Ta kontakt med

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten, 41704958

as257@kyrkja.no

Kyrkjekontoret 56523880

